

Forvittrar velferdsstaten?

I skrivande stund er me midt i koronapandemien. Mest all omtale i media handlar om den. Kven tenkjer på korleis det står til med velferden for dei som til vanleg er avhengige av overføringar frå storsamfunnet no?

AV ELSE-BERIT HELLE, MEDLEM POLITISK VERKSTAD

For omlag 100 år sidan var det gruvedrift på Litlabø i Stord kommune. Då fekk mange gruvearbeidarar sili-kose. Det var ein forferdeleg sjukdom som medførte langsam død. Mange gruvearbeidarar vart sjuke. Sjukepengar den gongen var ofte ikkje nok til å forsyta ein familie åleine. Mange måtte difor søkja midlar frå fattigkassen.

Guten Erling fortel historia si etter at han vart vaksen. Han var sju år gamal og gjekk med mor si til Leirvik for å henta varer som fattigkassen hadde innvilga. Dei måtte gå åtte kilometer til butikken. Då mor har fått varene spør ho forsiktig om butikkeigar kan ordna det slik at dei kan få utlevert varene på Samvirkelaget der dei bur. Der var dei kjende og respekterte. Svaret er eit bryskt og kontant nei. Erling fortel at han står bak ryggen til mor si og opplever at ho vert audmjuka. Han knyter nevene og lovar seg sjølv at når han vert vaksen så skal han gjera noko med denne uretten. Som vaksen vart han vald inn i kommunestyret, der han sat i 30 år. Han levde opp til lovnaden sin. Mykje endra seg i hans tid.

Ein kjent forfattar har sagt at historia ikkje gjentek seg, den kopierer. Kva er det me ser i dag? Barnefattigdom er høgt på agendaen i samfunnsdebatten. Det vert gitt midlar til ulike tiltak for born frå vanskelegstilte familiar som til dømes aktivitetskort, men det har ikkje vore auke i forsyrtillegget til uføretrygda på mange år. Slike ordningar aukar ikkje summen på kontoen, slik at ein kan gjera eigne prioriteringar. Det aukar ikkje sjølvrespekten hos den det gjeld. Ser me noko av det same som i historia til Erling? Dei som er avhengige av staten, må ikkje koma for lett til det. Formynderskap kan det vera freistande å kalla det.

Dei seinare åra har me sett ein auke i nedbygging av velferdsordningar ved kvart statsbudsjett. Det fører kvart år til protestar utan at det vert teke til fylgje. Etter ei tid stilnar protestane fram til neste statsbudsjett, og slik held det fram. Så lenge det store fleirtalet ikkje får kutt i sin økonomi, vert

det akseptert. Men dei som har lite, får stadig mindre, litt etter litt. Me kan sei at «teskjeimetoden» vert nytta. Om ein tek ei og ei teskjei med graut utor grautfatet, så merkar ingen det. Eg vil hevda at det er det me ser no i nedbygginga av velferdsstaten. Den forvittrar. Når noko forvittrar fell det frå kvarande litt etter litt.

Det er likevel ei sak som ikkje har roa seg, og det er karenstid for AAP-ordninga. Stopp i arbeidsavklaringspengar i eitt år medan ein framleis er sjukmeld og ikkje avklart av NAV, kan

ikkje vera i tråd med intensjonen i folketrygdlova, der det heiter at den skal sikra økonomien i samband med blant anna sjukdom.

«Dei seinare åra har me sett ein auke i nedbygging av velferdsordningar ved kvart statsbudsjett.»

ARBEIDSLINA I 1990-åra slo arbeidslina for fullt inn i norsk politikk. At me skal ha ein jobb å gå til hadde lagt fast i seksti år. Det nye var at det no skulle «lønna seg å jobba». I staden for at storsamfunnet bidrog til at der var arbeid å gå til, vart det no den einskilde sitt ansvar å finna seg

NEI TIL KUTT I AAP:
Bilde fra 1. mai-toget
i Bergen i 2019. (Foto:
Kristoffer Solfjell-Solø)



arbeid. Dette synes det diverre å vera semje om mellom dei fleste partia på Stortinget.

1. mai er rekna som arbeidet sin dag. Arbeid til alle og likestilling har vore viktige verdiar for arbeiderørsla. Sist år gjekk FFO (fellesorganisasjonen for funksjonshemma) i 1. mai-tog mellom anna i Bergen. Parolar som me kunne sjå var:

- Eg vil ikkje vera din inspirasjon
Eg vil vera din kollega
- 85.000 vert stengt ute frå arbeidslivet. Vi kan, vi vil, slepp oss til
- Jobb for alle
- Nei til kutt i AAP

I dag har talet på funksjonshemma som ynskjer arbeid auka til 104.000.

Me veit at tidlegare var det mange som kunne bidra i ein jobb sjølv om dei ikkje fungerte fullt ut med dei beste. I dag har me økonomi til å gje mange av desse ei uføretrygd. Me hadde ein solidaritet som gjennomsyra samfunnet, og som eg er redd forvitrar i dag. Den gong tok bedrifter ansvar, sameleis storsamfunnet. I dag er det få bedrifter som tek imot folk med hol i CVen.

I staden for å utvikla velferdsstaten, så ser me ein gradvis auke av veldedighetsøkonomi. Folk må søkja om ulike velferdstiltak ut frå økonomi i staden for å ha ein økonomi til å leva av. Historien til Erling vert kopiert, slik eg ser det.

Einar Gerhardsen sa ein gong om dei harde 30-åra: «Nå er det kanskje ikke lett å forestille seg hvordan det er å ikke kunne spise seg mett hver dag. Enda var kan hende sulten ikke det verste. Den tunge gangen til fattigkassa for å be om litt å leve av, var verre, den kjentes dypt krenkende».

Kor mange uføretrygda har det slik i dag, at dei kjenner på skam for å måtta leva på trygd. Signala frå storsamfunnet vert stadig sterkare kring dette.

Hege Ulstein frå Dagsavisen skriv i ein kommentar: «Det finnes bare en akseptert sannhet om trygd: «At det er noe uønsket, noe vi bør begrense, ha minst mulig av og aller helst føle skam over å være avhengig av».

Mimir Kristjánson seier i boka, *Mamma er uføretrygda*: «Trygd er et onde alle fornuftige politikere og økonomer gjerne skulle vært kvitt, men

som de selvfølgelig ikke kan fjerne, i alle fall ikke over natten, da vil folk dø i gatene, og det er dyrt, det også. Men når et samfunn tar vare på sine uføre og sine fattige, så er det et godt sted. Det er et samfunn å være stolt av».

Eit argument som ofte vert nytta for å ta vekk innarbeidde velferdsordningar, er økonomi.

I desse koronatider, så ser me at staten trør til med økonomiske ordningar når det gjeld. Koronatida har og vist oss at det norske folk framleis har både dugnadsånd og solidaritet. Det er gode verdiar i samfunnet vårt som me må ta vare på og utvikla. Me har solidaritet, og den offentlege debatten må no ta den i bruk og når det gjeld dei som av ulike grunnar vert avhengige av overføringar frå storsamfunnet. Denne debatten må og dei som mottok overføringar frå samfunnet vera med på.

Me treng meir solidaritet, ikkje mindre. ■